Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 | Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Høylandet.

Emne: Folkelege musikkinstrument. | Bygdelag: Høylandet.

Oppskr. av: Peder Pedersen. | Gard: Brønstø

(adresse): Høylandet i Namdal. | G.nr. 87. Br.nr. 4.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Eg har samrådd meg med kona mi Maren Pedersen 70 år gamal. Ho er sers interessera i musikk og har kjennskap til musikkinstrument.

SVAR

Bolk A.

Ad sp. 1. Dei instrument som frå gamal tid har vori: fele – vanleg og flatfele, salmodikon, gjætarlur, fløyte, seljefløyte og bukkehorn. Fela vart som oftast kalla fiolin og bukkehorn for "lurahorn". Dei andre instrumenta hadde det namnet, som er nemnt ovanfor.
Til fela høyrde ein boge, ein "spelhest" til å bera dei fire strengjene, og so dei fire "skruvan" som vart nytta til å "stemme" strengjene med.
Til ei fela høyrer og med ein "fiolinkasse" til å gjøyma fela i når ho ikkje er i bruk.
Til dei andre instrumenta eg har nemnt høyrde det ikkje med lause delar, anna enn for salmodikon som og so hadde ein "bogå" (boge) og so nokre "tabellar" der dei ymse tonearter var oppskrivne anten med noteskrift eller med tall frå 1–7. C dur skalaen var alltid merkt av på sjølve salmodikonen.

Ad sp. 2. Fela har vore i bruk her so lenge folk kan minnast og truleg meinst i 200 år. Fo oppteikningar frå rettsmøter kring 1700 – syner det seg at felespelarar har kome i hår på bygdalensmannen av di dei drakk seg fulle og gjorde bråk i bryd-

797

laupsgarden. Salmodikon, gjetarluur, seljeflöyte og
luurahorn (bukkehorn) hev og vore i bruk frå gamal
tid – truleg lenge før fela vart kjend – utan at eg
dermed kan tidfeste deira alder.
Korkje fele eller flöyte vart laga her i bygda, men
vart kjöpt utanfrå av ein instrumenthandlar i ein
eller annan by sudpå. For omlag 50 år sidan
tok ein til å kjöpe feler beinveges frå Tyskland
Sjölv kjöpte eg ei slik derefrå ved det leite. Salmodikon,
gjetarluur, seljeflöyte og bukkehorn var derimot
heimelaga. Gjetarluur og bukkehorn er for lengst
gått ov bruk, – og er ikkje avlöyst av noko anna
instrument. Det same gjeld og salmodikon, som
elles kvart vart avlöyst av fela. I min ungdom
var salmodikon eit vanleg instrument i heima-
ne og i skulestova. Men so vidt eg veit er det no kome
heilt ov bruk

Adsp 3. Dei ferdig laga instrumenta: fela og flöyte vart förde inn
Dei vart som för nemnt kjöpt andre stader frå – utan
at det er råd å segje av kven eller kor ifrå.
Nokon instrumentmakar fanst det ikkje her
i bygda – og vanskt nok i heile Tvamdal eller det
eg veit.

Adsp 4. Dei felor som har vore og er i bruk her på Höylandet
er flatfelor av den vanleg type. Til fela vart
det i gamal tid brukt berre tarmstrengjar.
Först i den seinare tid er kvint-strengar av stål
og bass-strengar omspunne med metaltråd kom-
ne i bruk. Desse strengjene – både tarm- og
metalstrengjene har alltid vorte förde inn
og ikkje heimelaga.
Salmodikon vart oftast laga av nevenkjende
spelemenn i bygda, men tarmstrengjen vart
kjöpt – likeso bogen ein brukte kvar ein spela.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ansat blad: Som harpiks vart or ykje godt nytta „görkvå" -
- grankvae som vart samla inn og koka til ho vart
passeleg hard.
Gjetarlür vart laga av olderbork, som ein flekte
av ei passeleg tjukk older om våren i smale strimlar.
Desse strimlane var so rulla spiralformig saman
til ein lang stut omlag 80 cm. lang. Opninga
i tjukkenden var på lag 8 cm i tvermål og smal-
na so litt etter kvart mot den enden det vart
blåse i. Nokon munnstykke hadde ikkje gjeta-
tarlüren - heller ikkje fanst det hol på han
til å fingra på. Den gjetarlüren som var kjend
og nytta her i bygda -, vart nok mest brukt til
å ropa i - altso ein slags ropar - trass i at han
vart kalla lür.
Seljeflöyta er kjend frå gamal tid overalt i Stam-
dalen, men mest som leiketöy for born. Og ho trur og
som oftast vorte laga av desse. Emnet til den-
ne flöyta - er som namnet seier eitt kvist frå
seljegrein, på lag 2 dm. lang og på lag fingertjukk.
I den tida om våren da selja „löyper" - tek ein eit
slikt stykke, bløyter det og bankar det med skaftet
på ein tollekniv til borken losnar. För borken
blir dregen av treet, skrar/smiar ein til eine enden
av emnet so det får den skapnad munnstyk-
ket på ein klarinett har. Nokre cm. attanfor
enden på munnstykket snittar ein til ein op-
ning i borken. Denne opninga skal sjå ut som
ein halvsirkel (  ). So blir borken dregen av
trestykket, og ein sker ut eit hakk i treet rett
under der kor opninga i borken er laga. Frå det-
te hakket og fram mot enden av munnstykket
sker ein so burt eit grand av det runde tre-
stykket -, so det blir ein liten opning millom det

og borten – når han kjem på plass.
„Lürahorn" (bukkehorn) var og nytta i gjætle-skogen til å blåsa gjætarane imellom, når dei gjætte på kvar sin kant i skog og fjell. Låten frå gjætarlur og lürahorn var i gamaltid ein noko einstonig, men kjende og kjær musikk inne på viddene der buskapane frå dei ymse seter-grender gjekk på beite.
Som namnet fortel vart bukkahornet laga av eit stort bukkahorn, og fekk som dette ein bøygd form. Når dette instrument skulde lagast, måtte ein fyrst få ut „kvikkhornet" – den indre blaute delen so berre skallet vart igjen. Dette gjorde ein på den måten at ein varmde heile hornet – og so hamra laus på det til „kvikkhornet" losna og kunde skiljast frå den harde hylstra. Den smale enden av hornet saga ein so tvert av so langt inn på at ein fekk ein opning gjenom heile hornet – liten i eine enden, men vidare og større etter kvart. Gjenom opninga i den smale enden vart so ein liten metalstift ~~[illegible]~~ gjort fast og gjekk gjenom hornskallet eit grand på eine sida. På enden av denne stiften vart det so fest ei ganske tunn tunga laga av einer. Langs ryggen av „lüra-hornet" vart det bora 4-5 små hol til å fingra på. Det var utruleg kor langt tonane frå eit vel-laga lürahorn nådde, og ein fekk meir vari-asjon i tonane frå dette instrument enn frå gjætarluren
Munnharpe er berre so vidt kjendt her i bygda. Ho skal ikkji ha vore nytta av folk på Høylandet. Men ein farande mann, „Sauter-Ola", som i den tid og var ung rak frå gard til gard som skrepp=


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3dje blad handlar brúka å spela på munnhorpe, men han
fallbaud varorne sine. Dette gjorde han truleg for å
få folk i godlag so dei kjøpte av han. Korleis dette
instrument var laga er gått meg or minne.

Sp. 5-7. På desse spursmåla kan eg freista svara so godt det let
seg gjera under dei fyrre punkta.

Sp 8. Dei instrument eg hev skrive om hev so vidt eg veit vore
i bygda so langt til bake nokon veit å fortelle.

Sp. 9. Dei fyrste felespelemenn eg hadde høyrt til å høyra
heldt ikkje fela slik dei no gjer under haka men
eit stykke ned på brystet. Dermed fekk ikkje fela
nokon fast stødnad men vart liggjande meir
laust mot kroppen. I gamal tid vart felespelet
mest nytta til danse moro

Sp. 10 Nokon variant av dei ymse instrument er
ikkje kjendt her.

Sp. 11. Heller ikkje veit eg om at dei enkelte instru=
ment hadde nokon serskild prydnad

Sp. 12. og heller ikkje var det her i bygda knytt over
tru eller segner til nokon av instrumenta,
det eg veit

Sp 13. Av meir kjende felespelemenn her på Høylandet
kan eg nemne desse: Karl Knutsen Mørkved
som døde i Trondheim for eit par år sidan vel
80 år gamal. Heilt frå ungdomen av var han
mykje nytta som spelmann i bryllaup, på
festar og til dansegilde. Han kunde spela ei mengd
med gamle og nye slåttar. Millom anna flei=
re namndalske turdansar, t.d.: firtur, sek=
tur og ottetur. Da Mørkved hadde kome noko opp
i åra vart han med som 1ste fiolinist i eit
større orkester. Johannes A. Høgheim levde
på same tid og døde for 3 år sidan 83 år gamal.
Han var og ein dugande felespelar, som spela

mykje saman med Karl Mørkved i festleg lag og til dans. I min ungdom vart det jamnt spela polsk= og turdansar når gamal og ung var saman til dans på bondegardane. Lem= framt dei slåttar og alt han nemnt dansa dei og „Fandango" og til som dei to menn turn= de spela. Da Karl Mørkved på sine gamle da= gar flutte til dotter si i Trondheim, der han lærde frå seg fleire av desse turslåttane til spele menn der. Mørkved åtte ei uvanleg god fele. Sjølv brukte han å segje – serleg når han hadde fått seg ein dram eller to, at ho var „ein ekte Stradivarius". So hadde den tanken sett seg fast i hovudet hans at om so var hadde Stradiva= rius sett sitt merke inni fela. For so å få vissheit i saka løyste han opp liminga mellom dei ymse delane, og plukka so fela sund. Kva resultat han kom til fekk ingen vita av forståelege grunnar. Mørkved som var ein hag og nettkendt mann sette delane saman att, so fela kom til å sjå ut som før. Men folk som skjøna seg på det sa at ho hadde mist noko av den vene, fyldige klangen sin.

Det er Johannes Moe frå Overhalla og Karl Mørkved å takke at desse turslåttane frå Nam- dalen er vorte kjende utover landet med di dei er vorte spela inn på grammofon og at dei er tekne i bruk t.d. i dansarringar. Det var Johannes Moe og ein av sønene hans som ikkje berre spela slåttane, men som og reiste til Trondheim og lærde frå seg korleis dei namdal= ske turdansar skulde dansas.

Andreas J. Kjøglum, sonen til Johannes, hadde teke opp spelemannsarven etter far sin, og er no



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4de bladet — ein dúgande bygdespelemann. Det er helst gamle velkjende slåttar han plar spela og ikkje den meire moderne Jassmusikk, som litt om senn held på å fange ungdomen sin interesse også ute over land og bygda — dessverre.

Bolk B. — Kjøpinstrument.

Desse instrumenta har vore kjende og i bruk nett lenge: Klaver - d.v.s. piano, bratsch, sello kontrabass, guitar, klarinett, tverrfløyte, messinginstrumenter, posetiv og trekkspel. Desse instrumenta er vortne spela av bygdefolk. Av dei her nemnde instrument er posetiv komme heilt ut or bruk. Det var helst omreisande folk som for gard imellom og sveiva på dette instrumentet. Men kring 50 år sidan fanst det eit orgamma posetiv i bygda og, og som da vart nytta til dansemusikk.

Dei nye instrumenta førde til at det tilflaut bygda ny musikk av mange slag, sobeis også mykje god klassisk musikk som var lite eller ikkje kjendt før. Dermed fekk ein eit nytt verdfullt islag i underhaldinga på festar og større samkomor.

Men desse instrumenta vart og brukt til å spela gamle dansar og norske folketonar med. Derimot kan ein ikkje segje at den nye moderne musikk i nokon stor mun vart spela på dei gamle instrumenta.

Bolk C. — Larminstrument o.l.

Av desse er „kråksmeill"-kråkesmelle- best kjendt. „Kråksmeillá" er saman sett av to delar: eit rundt rifla kjevle og ei firkanta ramme. Dette kjevlet kan vera 2-3 dm langt og har djupe, skarpe rifler etter lengda og rundt heile kjevlet. I eine

enden av dett ein rund tein, som kan tene
som handtak. Råma er sett saman av fire
like lange tre(stykke) på lag 3 dm. eller litt lenger
en kjevlet. Til begge langstykke på råma er
fest nokre tynne, smale fjøre av tre. I begge
tverrlisten på råma er der bora eit hol på
midten av desse. Handtaket på kjevlet stikkes gjennom
eit av desse hola og i andre enden av kjevlet er
det ein liten tapp som høver inn i holet på
andre tverrlista. Når ein so tek fast i hand-
taket og svingar råma rundt kring kjevlet
stryk desse fjørene over rifleidene på kjevlet
og får på den måten fram ein skrammlande
låt. "Kråkesmeill" har vore nytta til å skremma
bort kråker og anna skadefugl frå gardatunet.
Å blåse i halmstrå mellom tomelfingrane
og å blåse i never er godt kjendt her, likeso å
i halmpipor

Bolk. D. Til denne bolken har eg inkji å segje.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Oppdeiknna av Peder Pedersen, Höglandet i Namdal,
Nord-Tröndelag.

Svar på tilleggs spörsmål om emne nr. 6.
Folkelege musikkinstrument.

Til tilleggsspm. 1. Neveret ein nytta var eit lite stykke bjørkenever — helst so tynt som mogleg. Ein kan ikkje segje at dette nett var noko musikkinstrument — og var ikkje nytta soleis heller. Det var mest born som brukte å blåse i never når dei var i gjætarskogen for å signalisere til andre gjætarar.

" " 2. Når ein blåste i never la ein begge hendene mot ein annan — so begge tommelfingrane vart liggjande inntil kvarandre i deira lengde retning. I oppninga millom desse la ein so inn i nevra — so ho vart ståande på kant. Ho kom soleis til å verka som ei fjör eller ei tunga når ein blåste inn i oppninga og gav ein skjerande, kvirande låt frå seg etter dei svingningar ein på den måten fekk fram i nevra.

" " 3. Korleis halmpipa var laga kan eg ikkje segje noko visst om — da eg sjölv korkje hev laga eller brukt ei slik. Eg veit berre at i min ungdom — var det den reine sport for borna å laga og blåse i halmpipor, som var laga av tjukke byggstrå, om våren var det seljeflöyter — men nästan halmpipor borna nytta som instrument til å blåse i.

1765

797